



Namn på verksemd: Nynorsk kultursentrum

Om institusjonen

Namn NYNORSK KULTURSENTRUM, MUSEA FOR SKRIFTKULTUR
Organisasjonsnummer 976013263
Telefonnummer 70047570
E-post post@nynorsk.no
Bankkontonummer 39914021530

Besøksadresse

Adresse Indrehovdevegen 176
Postnummer 6160
Poststad HOVDEBYGDA

Postadresse

Adresse
Postnummer
Poststad

Kontaktperson

Fornamn Gaute
Etternamn Øvereng
Telefonnummer 47334144
E-post gaute.overeng@nynorsk.no

Oppsummering og kontroll

Oppsummering av søknadsbeløp	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknadsbudsjett
	2021	2021	2022	2023
Kulturdepartementet	22 965	22 965	23 425	26 025
Sum nye tiltak				2 600
Oppsummering av søknad				
Totale eigeninntekter	6 174	3 353	5 364	4 420
Ord. offentlig driftstilskot	28 782	28 865	29 093	32 173
Anna offentlig driftstilskot	7 433	4 462	2 844	2 640
Totale driftsinntekter	42 389	36 680	37 301	39 233
Totale driftskostnader	42 389	35 222	37 170	39 040
Driftsresultat	0	1 458	131	193
Årsresultat	60	1 567	191	253

	31.12.2019	31.12.2020	31.12.2021
Sum egenkapital	7 056	8 742	9 498

Eg stadfestar at tala er korrekte



Viss summane er feil må du korrigere søknaden før levering

Rapport - Økonomisk utvikling

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til likviditet

Nynorsk kultursentrum har god likviditetsstyring. Stiftinga har ingen langsiktige gjeldsforpliktingar og kontrollen over kontantstraumen gjer at NK til ein kvar tid kan halde dei økonomiske forpliktingane våre. Større investeringar blir planlagt i tråd med likviditeten, også for 2022-2023.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til eigeninntekter

Eigeninntektene har vore lågare dei siste to åra, det gjeld særleg kafé og butikk. Vi har lagt om kafédrifta slik at særleg personalkostnadene på området er redusert, vi beheld likevel ein god del av inntektene til denne delen av drifta. Vi har også redusert vareutvalet i butikkane ein del, og satsar meir på dei produkta vi veit sel godt.

Utleigemarknaden har vore noko betre i 2021 enn i 2020, men er framleis så låg at det går ut over inntektene til kafeen. Billettinntektene var også noko betydeleg betre i 2021 enn i 2020, men på grunn av restriksjonar på arrangement var inntektene framleis langt under normalen. Vi har tru på auka eigeninntekter med eit opnare samfunn og gjennomføring av tre festivalar i 2022.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til kostnader knytt til løn og pensjon

Lønsveksten er noko høgare enn for offentleg sektor, museumsbransjen og landssnittet. Frå 1.1.2021 fekk vi ein ny lokal løns- og arbeidsavtale, som bidreg til ei meir føreseieleg - og gjennomsnittleg - lønsutvikling for stiftinga.

I 2022 aukar lønskostnadene noko. Prioriteringa av barne- og ungdomsformidling og samlingsforvaltning/ forskning fører til noko auka lønskostnader ein periode, men det er rekna med tilsvarande innsparingar på andre område.

Pensjonskostnadene er låge og stabile. Budsjetta blir justerte i tråd med premieprognose frå Statens pensjonskasse.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til egenkapital

Styret har over tid hatt mål om at egenkapitalen skal vere minst 15,0 prosent av dei årlege driftskostnadene. Det målet er nådd, og det er planar om å halde på dette tilhøvet. Det sikrar likviditet, finansinntekter og høve til å ta større uføresette vedlikehaldskostnader.

Noko av egenkapitalen er sett av ved avsettingar til prosjekt osb. Av 2021-overskotet er mykje sett av til:

- ny basisutstilling i Aasentunet (300')
- ny barnedel i basisutstillinga på Haugesenteret (100')
- sykkelparkering/ladepunkt i Aasentunet (100')
- mellombels auka personalressursar i 2022 (250')
- vedlikehaldsfond (300')

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til andre sentrale problemstillingar

Det er ei utfordring over tid at korkje staten eller dei andre offentlege tilskotsgivarane kompenserer fullt for løns- og prisvekst kvart år. Det gjer at stiftinga må effektivisere tilbodet i større grad. I første omgang er det gjort effektivisering av sals- og administrasjonskostnader for å styrkje det kulturfaglege tilbodet. Det kan gå utover kulturfagleg tilbod også i løpet av dei neste fem åra, dersom dette held fram.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til tiltak for å sikre effektiv ressursutnytting

Nynorsk kultursentrum har dei siste tre åra reforhandla avtalar for IKT-drift, rekneskap, reinhald, nettsideavtale og nettbutikkdrift. Etter nokre overgangskostnader reknar vi med å sjå full effekt av dette i rekneskapen i 2022.

NK har hatt høge lønskostnader for eigeninntektene, særleg for kafé- og butikkdrift. Det har ikkje kome fram av rekneskap/ rapportar. Reelle eigeninntekter har auka monaleg etter at vi har flytta personalressursar til andre område, som formidling, forskning og forvaltning.

Vi har flytta leksikonengasjementet vårt frå vårt eige Allkunne inn i Store Norske Leksikon (SNL), slik at vi no gir pengar direkte til leksikonformidling på nynorsk, og brukar mindre ressursar på administrasjon og nettdrift.

Økonomi - Eigeninntekter

	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads- budsjett
	2021	2021	2022	2023
Billettinntekter	1 130	953	2 007	1 600
Inntekter frå digitale produksjonar				
Honorar	25	5	5	20
Inntekter frå butikk	944	1 172	1 140	1 200
Inntekter frå kafé/serveringsverksemd	414	179	380	380
Inntekter frå andre varer				
Utleige av lokale	55	68	90	90
Andre tenester				
Sponsorinntekter	20	35	30	30
Gåver	1 535	865	1 140	700
Andre inntekter	2 051	76	572	400
Totalt	6 174	3 353	5 364	4 420

Budsjettpostane «Honorar», «Inntekter frå andre varer» og «Inntekter frå andre tenester» bør spesifiserast her.

Billettinntektene er budsjettert høgare i 2022 enn i 2023 fordi vi har tre festivalar i 22, og berre to i 23.

Honorar er for arrangement/føredrag på turné der vi ikkje har billettinntekter, men der samarbeidsarrangør betalar for delar av kostnadene.

Butikkdrifta har kome seg litt etter pandemien, men kafedrifta er på eit jamt lågare nivå no enn tidlegare, også på grunn av endring i prioriteringar i staben.

Gåver i 2021: Fritt Ord, Sparebank1 Søre Sunnmøre, Sparebanken Vest, Sparebankstiftinga Hardanger og Sparebankstiftelsen DNB. Vi ventar meir midlar i gåver i 2022 enn i 2023 på grunn av at Hauge-stipendet blir delt ut annankvart år, det blir då delt ut i 2022 og ikkje i 2023.

Andre inntekter var budsjettert høgt i 2021 pga avsette midlar til basisutstillinga i Vinje, desse blei balanseført mot investering og viser dermed ikkje att i resultatrekneskapen.

Økonomi - Offentleg tilskot

Ordinært offentlig driftstilskot	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads-budsjett
	2021	2021	2022	2023
Kulturdepartementet	22 965	22 965	23 425	26 025
Fylkeskommune/ fylkeskommunar	2 278	2 505	2 251	2 698
Kommune/kommunar	3 539	3 395	3 417	3 450
Anna				
Totalt	28 782	28 865	29 093	32 173

Spesifisering av anna offentlig ordinært driftstilskot

Fylkeskommune: Nynorsk kultursentrum søker Vestfold og Telemark fylkeskommune om auke slik at fylkeskommunen og kommunen ligg på same nivå på finansiering, slik det gjer i Vestland/Ulvik.

Kommunar: Ulvik herad går i 2022 frå ei festivalfinansiering på 1 100 000 per festival til 800 000 kr per festival (annankvart år)

Andre offentlege tilskot	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads-budsjett
	2021	2021	2022	2023
Kulturdepartementet	1 054	1 184	300	
Fylkeskommune/ fylkeskommunar	1 530	453	380	380
Kommune/kommunar	2 134	210	360	360
Den kulturelle skolesekken	1 569	1 150	1 374	1 600
Anna	1 146	1 465	430	300
Totalt	7 433	4 462	2 844	2 640

Spesifisering av andre offentlege tilskot

Fylkeskommune: Tilskot til Litteraturhus Møre og Romsdal (350') for arrangement ved bibliotek i heile fylket. Tilskot frå Vestfold og Telemark til Litteraturdagane.

Kommunar: Tilskot frå kommunar til Litteraturhus Møre og Romsdal.

Anna: Tilskot frå Kulturrådet til festivalane i Vinje og Ulvik, tingsingsverk o.a.

	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads-budsjett
Totale driftsinntekter	42 389	36 680	37 301	39 233

Økonomi - Driftskostnader

	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads- budsjett
	2021	2021	2022	2023
Utgifter til butikk	591	976	752	620
Utgifter til kafé/serveringstilbod	215	178	209	215
Andre varer og tenester	10 142	5 629	5 137	6 380
Lønskostnader	18 441	17 734	19 378	19 880
Pensjonskostnader	1 202	1 394	1 126	1 200
Avskrivningar	729	616	729	710
Drift av lokale	1 762	1 586	1 705	1 725
Vedlikehald av lokale/bygg	340	457	280	340
Husleigekostnader	438	347	398	420
Andre driftskostnader	8 529	6 305	7 456	7 550
Totalt	42 389	35 222	37 170	39 040

Spesifikasjon og kommentarar til driftskostnader

Andre driftskostnader gjeld til dømes reiser for utøvarar og egne tilsette (2 356'), salskostnader (1 163'), kontingentar og gåver (784') der 500' er medlemsskap i Store Norske Leksikon, utvikling av egne utstillingar (370'). Kontorkostnader (1 925') med IKT, kurs for tilsette, porto og anna er også ein del av denne potten. Andre varer og tenester inkluderer mellom anna 3 187' i kulturfaglege tenester, hovudsakleg honorar til forfattarar, musikarar og andre utøvarar på arrangement, festivalar i DKS og anna.

	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads- budsjett
Driftsresultat	0	1 458	131	193

Økonomi - Finanspostar og ekstraordinære postar

	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads- budsjett
	2021	2021	2022	2023
Finanspostar				
Finansinntekter	60	113	60	60

Finanskostnader	0	4	0	0
Resultat	60	109	60	60
Ekstraordinære poster				
Ekstraordinære inntekter		0		
Ekstraordinære kostnader		0		
Resultat		0		
Årsresultat	60	1 567	191	253

Økonomi - Balanse

Anleggsmidler	31.12.2019	31.12.2020	31.12.2021
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmidler	3 749	3 282	3 251
Finansielle driftsmidler			
Sum anleggsmidler	3 749	3 282	3 251
Omlaupsmidler			
Varer	1 218	1 117	1 163
Krav	482	844	735
Finansielle investeringar			
Bankinnskott, kontantar o.l.	9 733	15 035	11 201
Sum omlaupsmidler	11 433	16 996	13 099
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital	270	270	270
Opptent eigenkapital	6 786	8 472	9 228
Sum eigenkapital	7 056	8 742	9 498
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Kortsiktig gjeld	8 126	11 536	6 852
Sum gjeld	8 126	11 536	6 852
Summering			31.12.2021
Sum egedelar			16 350
Sum eigenkapital og gjeld			16 350

Eg stadfestar at rekneskapen er revidert



Kryss av her viss tiltaket er ei kommunal/ fylkeskommunal eining og ikkje utarbeider eigen balanse.



Kommentarar til rekneskap og balanse. Sjå hjelpetekst.

Rapport - Vurdering av måloppnåing

Rapportering av måloppnåing (oversyn)

Namn på mål

Fornyng: Avklare framtidig samarbeid/ samanslåing

Formidling: Opne Vinje-senteret for dikting og journalistikk

Formidling:

Arrangement eller utstilling om nynorsk skriftkultur for barn eller vaksne i minst 100 kommunar

Forsking: Bidra til kunnskap om nynorsk språk og litteratur

Forvaltning: Munnlege minne om nynorsk språk og litteratur blir tekne vare på.

Andre krav og føresetnader for statstilskotet i rapporteringsåret

NK gjer kvart år publikumsutviklings-tiltak. Det var publ.undersøkingar ved opning i Vinje og eit DKS-tilbod. For DKS er det gjennomført fleire prøveframsyningar av nye konsept. Me har avtale med 5 bibliotek om å teste ut publ.utv.-tiltak til anna publikum enn våre vanlege. Me hadde fokusgrupper for utstilling i Vinje og ny visuell profil.

NK har strategi for mangfaldsarbeid med eigen mangfaldsplakat for brukar-, innhalds- og organisasjonsmangfald. Sjå elles i statistikken.

Imm.kulturarv: Sjå i statistikken.

NK har universell utforming som utgangspunkt for alle formidlingstiltak. Det er fri tilgang med fylgjeprøve.

NK har retningslinjer for å førebygge trakassering.

NK har system for tryggleik og vernebuing.

Eventuelle andre kommentarar til årsrapporten

Vedtektene blei godkjent i feb 2021, og slår for første gong fast at NK er eit museum.

NK har system for å sikre kvalitet og måloppnåing både gjennom styret, leiargruppe og i dialogen mellom leiar og tilsette. NK har siste oppdaterte styringsdokument på nettsidene, inkludert alle langtidsplanar.

Me har forhandla og vedteke langsiktige avtalar for tilskot frå Ulvik og Vinje kommunar. Me er i dialog med Vestfold og Telemark fylkeskommune om å sikre opptrapping. Frå 2021 er det prøveprosjekt med tilskot frå Møre og Romsdal og 13 kommunar om formidling i heile regionen. Ved evalueringa av prosjektet vert fast tilskot vurdert.

Koronatilskot gjorde at me kunne planleggje og gjennomføre aktivitet gjennom heile året, og betale ut honorar til forfattarar og utøvarar. Samstundes førte stadig endra føresetnader til avlysingar, særleg i DKS.

Kronprinsesse Mette Marit vart i 2021 kongeleg vernar for NK. Det er ein viktig milepåle for det nasjonale omdømet til organisasjonen.

Rapport om klima- og miljøtiltak

Styret i Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, har vedteke klimastrategi. Me har redusert bruken av flyreiser for utøvarar/ arrangement, mellom anna med å oppmode til å reise med buss/ tog og samarbeid med andre aktørar om turnear/ arrangørar (t.d. folkebibliotek, Bjørnsonfestivalen) slik at ein får gjort meir aktivitet per flyreise. Slik hindrar me at redusert flytrafikk fører til svakare kulturtilbod i distrikta.

Me har innført kjeldesortering for publikum i Aasentunet frå 2021 i samband med ombygging av resepsjons- og kaféområdet.

Det er dei siste to åra gjort investeringar i nye klimaanlegg i Ulvik og Ørsta for å redusere og målrette straumbruken. Energiøkonomisering og klimavenlege materiale har vore sentrale element i samband med nytt bygg og ny utstilling i Vinje.

NK har for tida leiaren av Citta Slow-rådet i Ulvik herad, Aasentunet er Fairtrade-bedrift og me prioriterer lokale produkt ved arenaene våre.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Fornyng

Tittel/omtale av mål

Avklare framtidig samarbeid/ samanslåing

Omtale av venta resultat i høve til målet

Nynorsk kultursentrum greier ut framtidig organisering, arbeidsdeling og samarbeid med andre institusjonar i 2019–2021. Nynorsk kultursentrum søker samarbeid med andre aktørar som arbeider for å formidle, forvalte og fornye nynorsk skriftkultur til eit nasjonalt publikum med mange ulike målgrupper. Styret i Nynorsk kultursentrum vedtok samrøystes 11. oktober 2019 at «Styret i Nynorsk kultursentrum er opne for at andre offentleg finansierte nynorsktiltak kan bli ein del av verksemda til Nynorsk kultursentrum, og bed administrasjonen ta kontakt med aktuelle aktørar for å samordne innsatsen betre. 6. desember 2019 vedtok styret «Styret gir direktøren og styreleiar fullmakt til å arbeide vidare med løysingar som kan innebere eit større samla fagmiljø for nynorsk språk og litteratur i kulturliv, skule og samfunn med hovudsete i Ørsta.»

Slik styret og administrasjonen ser det er ei samanslåing med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, som i dag er ein del av Høgskulen i Volda, det mest aktuelle. Det vil gi eit samla sterkt utoverretta fagmiljø basert i nynorsk skriftkultur. Vi trur det vil gjere begge tiltaka til betre språkpolitiske verkemidlar, og føre til auka forsking og meir medvit om ulike målgrupper.

Nynorsk kultursentrum arbeider parallelt med dette med samarbeidsavtalar med Nasjonalbiblioteket om samlingsforvaltning og Store Norske Leksikon om leksikonformidling, for å nå fleire med nynorsk leksikoninnhald enn vi gjer med Allkunne i dag.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

NK har greidd ut, drøfta stoda med andre aktørar og hatt kontinuerleg dialog med KUD om saka. Høgskulen i Volda, som driv Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, ønskte ikkje å gå vidare med samanslåing, då dei heller ville inkludere senteret betre i lærarutdanningane. NK har i staden styrka samarbeidet og avklart arbeidsdelinga med senteret. Dette har ført til felles fagdagar, tilbakemelding på forskingsprosjekt frå kvarandre og formelle prosjektsamarbeid med elevar som målgruppe.

NK har hatt fleire drøftingar med Nasjonalbiblioteket (Nb) om tettare samarbeid. Det førte til overføringar av nokre deponerte samlingar til Nb, som sikrar materialet og gjer det betre tilgjengeleg. Samstundes førte det til auka kontakt med Arkivverket. NK er frå 2022 nasjonal koordinerande aktør for privatarkiv for nynorsk skriftkultur, og arbeider med å utarbeide ein felles samlingsplan for heile feltet.

NK og Store norske leksikon (SNL) inngjekk avtale 1.8.20 om å gjere meir kvalitetsinnhald på nynorsk tilgjengeleg for eit større publikum. Dette inkluderer å overføre delar av Allkunne til SNL og å samarbeide om å få fleire artiklar på nynorsk i SNL. Det er eit sjølvstendig mål for begge institusjonar å auke nynorskdelen på ei av dei største nettsidene og at artiklane i SNL dekkjer den nynorske kulturhistoria. Frå avtalen blei inngått til no er talet nynorskartiklar i SNL auka frå 1234 til 10854. Sidevisingane på nynorsk for SNL i 2021 var 2434357 mot i overkant av 800000 for Allkunne i 2020.

Hovedmål

Formidling

Tittel/omtale av mål

Opne Vinje-senteret for dikting og journalistikk

Omtale av venta resultat i høve til målet

Basisutstillinga "Forteljingar og forteljarar" om dikting og journalistikk skal opne i september 2021. Målet er at utstillinga set nasjonal dagsorden, og at temaa som blir tematiserte der blir ein del av kultur- og samfunnsdebatten.

Parallelt med dette har vi premiere på DKS-turneen "Skit eller kanel" og digitale formidlingsopplegg om journalistikk.

Hovudtemaa for formidlingstilbodet er:

- Same reiskapen. Ulike blikk på verda. Om korleis orda dokumenterer, formar og endrar samfunnet.
- Aasmund Olavsson Vinje, Aslaug Vaa, Tarjei Vesaas, Haldis Moren Vesaas
- Motiv i norsk dikting: endring, innsirking, vandring
- Kraft og krefter i norsk journalistikk
- 22. juli i norsk dikting og journalistikk

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Vinjesenteret opna med utstilling og fullt publikumstilbod i august.

Utstillinga om dikting og journalistikk er ei forteljing om kva fakta og fantasi tyder for oss menneske. Døma er frå historisk og samtidig litteratur, dei er for barn og vaksne, dei er frå Vinje og frå resten av landet. Samisk, skogfinsk, kvensk og anna minoritetslitteratur/ journalistikk er presentert som delar av heilskapen. Det er både digitale og taktile element i utstillinga. Tilbakemeldinga frå gjestene er at utstillinga både appellerer til dei som vil få kjapt overblikk og dei som vil gå i djupna.

Fagleg innhald, estetikk og ulike løysingar er testa på fokusgrupper. Delar av utstillinga blei også vist i sommarsesongen.

Opninga gav presseoppslag lokalt, regionalt og nasjonalt, men me sette ikkje nasjonal dagsorden.

Grunnlaget er der, og me ser gjennom arrangement me har hatt etter opninga at det er potensial til å nå vidare ut med temaa me arbeider med.

Det blei arrangert prøveframsyning på DKS-framsyninga Skit eller kanel for 193 elevar i staden for premiere. Innspela er brukt til betring fram til premiere i 2022.

Me hadde live-sendingar digitalt, med høve for dialog, om både journalistikk og dikting under opninga. Me presenterte også nye tekstar om fakta og fantasi frå journalistar og forfattarar på nettsidene.

Pandemien gjorde at delar av utstillingsarbeidet blei utsett og tok meir tid pga leverandørvanskar, problem med reiser mellom landsdelar og kommunar og andre uføreseielege rammevilkår.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Formidling

Tittel/omtale av mål

Arrangement eller utstilling om nynorsk skriftkultur for barn eller voksne i minst 100 kommunar

Omtale av venta resultat i høve til målet

Nynorsk kultursentrum klarte 78 kommunar i 2019, har mål om 75 (det har jo blitt færre) i 2020 og 100 i 2021. Målet er at folkebibliotek (og andre relevante arenaer) kan abonnere på utstillingar frå oss og at stiftinga produserer fleire utstillingar som målgruppene og tilbydarane er interesserte i. Det er nynorske skulekrinsar i om lag 120 kommunar. Målet over tid er at NK skal vere synlege i alle desse kommunane i tillegg til dei store byane kvart år.

Nynorsk kultursentrum treng å arbeide meir medvite over tid med relevans, representativitet og medskaping i formidlinga.

Ei gruppe som stiftinga særleg skal arbeide meir med og for er gutar på yrkesfag i nynorskområde. Statistisk sett er det desse som i minst grad byter frå nynorsk til bokmål i løpet av opplæringsløpet. Samstundes har NK og andre aktørar fått tiltak som treff denne målgruppa med nynorsk språk og litteratur. Ei anna målgruppe er kulturinteresserte i byane. Nynorsk kultursentrum vil arbeide i lag med nokre folkebibliotek for å finne ut kva for tilbod som kan gi auka forståing for og glede av nynorsk i desse områda.

Den tredje er innvandrarar med nynorskopplæring. Desse har svært lite tilbod om letlesen og relevant litteratur og kultur for seg. Dei er også lite nytta som kulturell ressurs.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

NK sette i 2021 rekord i geografisk rekkevidde. Me var i 89 kommunar. Utan lokale og nasjonale pandemiestriksjonar hadde me nådd målet om 100 i 2021.

Det er viktig for oss å synleggjere nynorsk skriftkultur i heile landet.

Me produserer vandreutstillingar, og frå 2020 har me tilpassa dei betre bibliotekslokale. Det har vore med på at fleire folke- og universitetsbibliotek stadig bestiller utstillingar frå oss.

Saman med Bjørnsonfestivalen og med finansiering frå Møre og Romsdal fylkeskommune, Kulturrådet, Fritt Ord har me inngått samarbeid med alle folkebiblioteka i Møre og Romsdal om å styrkje folkebiblioteka som litteraturhus, i eit fylke utan litteraturhus. Her utviklar me felles kompetanse om brukarane og om litteratur.

Me har tilsvarande turnear i Vestland, men utan same formaliserte strukturar.

I 2021 lyste me ut, og innleidde formelt samarbeid med fem pilotbibliotek for nynorsk i dei fylka med nynorskelevar der me ikkje har fast verksemd (Viken, Innlandet, Agder, Rogaland). Me samarbeider om arrangement, utstillingar, publikumsutvikling og kompetanseutvikling.

NK har gjennom året hatt eit breitt kulturtilbod i heile landet med utgangspunkt i fleire målgrupper. Det har vore vekt på språk og utforming slik at me i større grad når gutar på yrkesfag, kulturinteresserte i byane og innvandrarar med nynorskopplæring gjennom ulike programtilbod.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Forsking

Tittel/omtale av mål

Bidra til kunnskap om nynorsk språk og litteratur

Omtale av venta resultat i høve til målet

Stiftinga skal i 2021 publisere minst ein artikkel i forskingsprosjektet "Fogderifylket Møre og Romsdal". Det skal bli gjennomført eit forskingsseminar i Vinje eller Ørsta om nynorsk journalistikk etter modell frå forskargruppa for poetisk tenkjing i Ulvik.

Det er også eit mål at det blir publisert minst to fagfelleverderte artiklar i 2021.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Våre tilknytte forskarar bidrog med 1 bok, 1 fagfelleverdert artikkel, 1 forskingsrapport og 1 bokkapittel i 2021. Me har to tilsette som har levert, men ikkje enno fått godkjent ph.d.-grad. Intensjonen om auka publisert forskning er følgt opp, men har teke andre formar enn fagfelleverdert artikkel.

Me har delteke i arbeidet med Fogderifylket Møre og Romsdal. Utgiving er utsett til 2022, og me har ein fagfelleverdert artikkel der.

Institusjonen har frå 2020 forskingstid for fleire tilsette, eige fredagsmøte ein gong i månaden der dei tilsette les, reflekterer og lyttar til forskingsarbeidet til kvarandre.

NK har frå 1.1.2021 ei eiga avdeling for nynorsk skriftkultur med ein seksjon for samling og forskning i staden for at dei som arbeider med dette er spreidde på fleire avdelingar. Me har arrangert tre seminar med til saman 13 vitskaplege innlegg av eigne og andre forskarar. Det tiltenkte seminaret om journalistikk vart erstatta av eit seminar om Fyrebilsbibelen, i høve jubileet for nynorsk bibelspråk i 2021, og eit om nynorskforskning generelt.

NK er tett på Høgskulen i Volda, har eigen forskar II frå Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, driv forskingsnettverket Poetisk tenkjing, er med i forskingsarbeid og utvikling av forskingskultur for musea i Møre og Romsdal og har også i 2020-2022 delteke i eit Forskingsrådet- og Kulturrådet-finansiert prosjekt om digital festivalkjensle.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Forvaltning

Tittel/omtale av mål

Munnlege minne om nynorsk språk og litteratur blir tekne vare på.

Omtale av venta resultat i høve til målet

Det er utvikla mal- og avtaleverk for minneinnsamling som er prøvd ut i 2019, blir gjennomført i større grad i 2020. Hovudmålet er at munnlege minne frå sentrale aktørar for nynorsk skriftkultur på 1900- og 2000-talet skal bli samla inn, formidla og gjordetilgjengelege for forskning og formidling. Historia til Norsk Målungdom medvekt på dialekt, identitet og motkultur i urbane miljø er eit prioritert område, og det er inngått samarbeidsavtale med NMU om frivillig deltaking i dette prosjektet.

Frå 2021 er også målet at alle høve til å fortelje Nynorsk kultursentrum om sine egne erfaringar med nynorsk språk og litteratur gjennom digitale video- og lydopptak ulike stader i landet.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Nynorsk kultursentrum har følgd opp intensjonen om at munnlege minne om nynorsk skriftkultur skal bli tekne vare på og formidla. Så langt er det gjort 13 djupne-intervju. Fleire av desse er ferdig transkriberte. Det er planar for transkribering vidare. Kombinasjonen av video, lyd og transkriberte versjonar gjer at dei er gode utgangspunkt for forskning vidare.

NK er forseinka med arbeidet med å gjere minneintervjua tilgjengelege. Samstundes har NK publisert ei ny nettutstilling om ungt språkengasjement, i tråd med satsinga på å samle inn minne om Norsk målungdom, og dokumentasjon/ formidling om dialekt, identitet og motkultur i urbane miljø. NK vurderer korleis intervjua skal verte tilgjengelege for ålmenta i framtida i samband med strategiarbeidet for 2023–2028. NK har vurdert fleire måtar å samle inn minne frå folk flest om nynorsk skriftkultur, inkludert kjøp av tenesta minner.no, men har ikkje konkludert for vidare arbeid slik planen var i 2021. Både tekniske, økonomiske, juridiske og praktiske løysingar blir avgjort i strategi 2023–2028. Norsk målungdom har bidrege med frivillig aktivitet i prosjektet.

Søknad - Mål og prioriteringar

Måla for verksemda i søknadsåret (oversyn)

Målnummer	Tittel/omtale
1	Solid kunnskapsproduksjon: Auke forskingskompetansen i museet og forankringa av forskning i organisasjons- og formidlingsarbeidet
2	Relevant formidling: Fornye formidlingstilboda våre for ungdomsskule/ vidaregåande i dialog med målgruppa
3	Heilskapleg samlingsutvikling: Førebu samlingsstrategi for nynorsk skriftkultur
4	Trygg ivaretaking: Redusere restansane for registrering og tilgjengeleggjering, og evaluere ivaretakinga
5	Aktiv samhandling: Til stades i 100 kommunar med arrangement eller utstillingar
6	Andre mål: Betre system for universell utforming for lese-, syns- og språkutfordringar, og eit prøveprosjekt på kvar arena

Strategiar og langsiktige planar for dei neste tre åra

Styret i Nynorsk kultursentrum fastset ny strategisk plan i 2022 for perioden 2023–2028. Det kan føre til endringar i desse prioriteringane.

Styret i Nynorsk kultursentrum fastsette 6. desember 2019 Språk, kultur og kunnskap til heile landet. Strategisk plan 2020–2025.

Kunnskapsutvikling

Gjennom dokumentasjon, samling og forskning skal stiftinga gi publikum ny og nødvendig innsikt om nynorsk språk og litteratur. Me aukar vår eigen forskingskompetanse samstundes som me får fleire forskarar til å arbeide med nynorsk skriftkultur. Me samlar inn munnlege minne og gjer samlingane våre tilgjengelege for alle.

Samling

2023: førebu nasjonal samlingsstrategi for nynorsk skriftkultur

2024: museumssamlingar per 2021 skal vere registrerte, digitaliserte og tilgjengelege for publikum

2025: alle arkiv skal vere ferdig digitaliserte og tilgjengelege for publikum

Forsking

2023: evaluering av forskar II-ordning og organisering av seksjon/ avdeling i 2022 skal føre til tiltak i 2023

2024: fleire tilsette har avsett forskingstid og den samla forskarkompetansen har auka

2025: ny basisutstilling i Aasentunet er forskingsbasert

Nasjonale turnear vandreutstillingar og digital formidling

Kultur og kunnskap på nynorsk skal vere tilgjengeleg der folk er. Folk er i heile landet, og gjennom strategiske samarbeid skal stiftinga nå over 100 kommunar med arrangement eller utstillingar kvart år. Stiftinga skal også vere sterkt til stades digitalt, både med tekst, lyd og video, på eigne plattformer og i tett samarbeid med større aktørar som når målgruppene våre.

2023: nå målet om 100 kommunar og forsterke resultata i samarbeidet med Store norske leksikon

2024: fornye formidlinga til barn og ungdom, gjennom samskaping, medskaping og fokusgrupper
2025: vere leiande på formidling tilpasse høyrse-, syns- og leseutfordringar

Arenautvikling

Vi er til stades i Vinje, Ulvik og Ørsta med museum og festival. Arenaene våre skal vere møteplassar for bygdefolk, arena for skular og barnehagar i nærområda og reisedestinasjon for familiar og vaksne.

2023: andre år med heilårsdrift av Vinjesenteret

2024: integrere barnefiguren Lurivar og tilpasse barneformidlinga ved Haugesenteret

2025: førebu ombygging av basisutstilling i Aasentunet

Kommunikasjon

Kommunikasjonen er påliteleg, samlande og kreativ. Nynorsk kultursentrum skal bli betre kjende med fleire målgrupper.

2023: etablere metode for samskaping med målgrupper, utvikle eigne fokusgrupper for å nå fleire av mangfaldsmåla

2024: gjennomgang av tekstproduksjon og tekstar med omsyn til universell utforming

2025: evaluere grafisk profil

Organisasjon

Stiftinga skal ha den fremste kompetansen på å formidle, forske på og forvalte nynorsk skriftkultur, og skal vere ein attraktiv arbeidsgivar for kultur- og driftsfaglege tilsette. NK skal vere effektivt organisert for å nå måla til stiftinga.

2023: setje i gang tiltak etter ny strategiplan

2024: styrkje mangfaldet i organisasjonen

2025: evaluere budsjettmodell og fordeling av tilskot

Mål for søknadsåret

Hovedmål

Solid kunnskapsproduksjon

Tittel/omtale av mål

Auke forskingskompetansen i museet og forankringa av forskning i organisasjons- og formidlingsarbeidet

Omtale av venta resultat i høve til målet

Nynorsk kultursentrum skal halde fram satsinga på forskning.

Plan for vidare organisering av forskings- og samlingsarbeidet blir fastsett i 2022, og skal følgjast opp i 2023.

Talet tilsette med forskningstid skal auke frå 2022 til 2023. Tilsette som arbeider med forskning og samling, og ikkje har ph.d. eller konservator/ førstekonservator NMF-kompetanse skal ha ein plan for å nå neste kompetansenivå i løpet av maks. 5 år.

Fornyninga av basisutstillinga i Aasentunet skal bli utvikla av eigne og eksterne forskarar i samarbeid med formidlarar og andre relevante fagfelt.

NK skal ha minst 2 seminar/ konferansar årleg med vitskaplege bidrag frå eigen og andre institusjonar som kan utviklast til fagfelleverderte artiklar.

Eigne tilsette skal bidra i vitskaplege publikasjonar årleg.

NK kan ikkje stå for forskingsperspektivet på eigne fagfelt aleine. Ved utvikling av utstillingsprosjekt og større formidlingsprosjekt skal minst ein person med førstekompetanse (førstelektor, førsteamanuensis, professor, dosent osv.) frå UH-sektor eller ABM-sektor vere inne som konsulent på innhald og fagperspektiv.

Mål for søknadsåret

Hovedmål

Relevant formidling

Tittel/omtale av mål

Fornye formidlingstilboda våre for ungdomsskule/ vidaregåande i dialog med målgruppa

Omtale av venta resultat i høve til målet

Nynorsk kultursentrum skal verte meir kjend med ungdom som målgruppe. Me skal fornye minst fem tilbod i tett samarbeid med målgruppene. Minst eit av prosjekta skal vere direkte samskaping med målgruppa, og resten skal ha bruk av fokusgruppe, prøveframsyningar og liknande.

Me skal oppdatere og fornye presentasjonen av nynorsk på nettsida med vekt på kva målgruppene i ungdomsskule/ vidaregåande lurar på. Konservatorane og formidlarane våre skal samarbeide med minst ein hovudmåls- og ein sidemålsklasse i utvikling av dette innhaldet.

Minst ein produksjon til Den kulturelle skulesekken skal verte fornya i tett dialog med målgruppa.

Haugesenteret fornyar standardopplegget for ungdomsskuleklassar med bruk av samskaping, medskaping eller fokusgruppe.

Vinjesenteret utviklar eit nytt skuleopplegg for vidaregåande opplæring med vekt på at elevane er aktive og skapande.

Me planlegg fornying av basisutstillinga i Aasentunet. Her skal ei eiga fokusgruppe med ungdomar vere med i utviklinga. Pilotbiblioteka rundt om i landet kan bli brukte til å teste ut element me vurderer til basisutstillinga.

28.02.2022 15:58:19 AR477421778

28.02.2022 15:58:19 AR477421778

Mål for søknadsåret

Hovedmål
Heilskapleg samlingsutvikling
Tittel/omtale av mål
Førebu samlingsstrategi for nynorsk skriftkultur
Omtale av venta resultat i høve til målet
Mykje av den nynorske kulturarven er dekkja gjennom pliktavleveringa til Nasjonalbiblioteket. Det gjer at NK må finne sine egne innsamlingsstrategiar for å ikkje overlappe med dette sentrale arbeidet. Privatarkiv, munnlege/ fotografiske minne og materiell nynorsk kultur er svakt dekkja i dette arbeidet. NK skal ta sin plass ved å hjelpe til med å dekkje desse manglane. Nynorsk kultursentrum vil i 2023 arbeide med eit utkast til samlingsstrategi for nynorsk skriftkultur (museumssamlingar og privatarkiv), som i 2024 blir sendt på høyring til alle relevante museums-, arkiv- og bibliotekinstitusjonar. Målet med arbeidet er å få på plass standardar for markering av nynorsk skriftkultur, og sikre at eit representantivt og mangfaldig utval av regional og nasjonal nynorsk skriftkultur blir dokumentert og teke vare på av ulike institusjonar frå 2025. NK har signert avtale med Arkivverket om å verte nasjonal koordinerande aktør for arkivfeltet, og dette er ein viktig brikke i dette arbeidet. NK styrkjer samstundes eigen samtidsdokumentasjon. Frå 2023 har me faste frivillige som dokumenterer nynorsk skriftkultur gjennom fotografi i lokalsamfunnet. Desse vert teke inn i våre samlingar. Vi gjennomfører også minneintervju, som vi publiserer til publikum. Vi skal også få på plass eit system for innsamling av minne og meiningar om nynorsk frå breiare folkelag. Samtidsdokumentasjonen skal verte brukt i ny basisutstilling i Aasentunet.

Mål for søknadsåret

Hovedmål
Trygg ivaretaking
Tittel/omtale av mål
Redusere restansane for registrering og tilgjengeleggjering, og evaluere ivaretakinga
Omtale av venta resultat i høve til målet
NK treng meir oversyn over samlingane for å sikre trygg ivaretaking av desse. Nytt klimaanlegg ved Hugesenteret og overføring av nokre deponi til Nasjonalbiblioteket har ført til betre ivaretaking av det som hasta mest. NK har små samlingar gitt storleiken på institusjonen. Det gir rom for auka tilvekst, og auka tilgjengeleggjering. I 2022 og 2023 skal alle delane av Olav H. Hauge- og Ivar Aasen-samlingane vere fotograferte. Desse er registrerte frå før, men det er behov for gjennomgang av oppbevaringstilhøva for Aasen-samlinga i samband med planlegging av ny basisutstilling. Målet me har meldt inn i 2022 er at 50 prosent av desse samlingane er tilgjengeleggjorde. I 2023 er målet at 75 prosent er tilgjengeleggjorde og at det er plan for å fullføre tilgjengeleggjeringa av desse i 2024. Me vil ha gått gjennom oppbevaringstilhøva for desse samlingane i 2023. Gjennom museumsstatistikken er ikkje restansar for arkiv og bibliotek synlege. Her har me større restansar, og behov for større kunnskap om både samlingane og tilstanden til desse. Alle våre privatarkiv (utanom eige saksarkiv) skal vere registrerte, og registeret tilgjengeleg for publikum i 2023. Det skal vere plan om digitalisering av alle arkiva til 2025. Dette fører til at vi kan planlegge betre ivaretaking av sårbare delar av arkiva. Tilveksten til biblioteket skal ikkje vere større enn at restansane ikkje aukar frå eit år til eit anna. Samstundes skal ein vurdere oppbevaringsforholda til dei eldste bøkene.

Mål for søknadsåret

Hovedmål
Aktiv samhandling
Tittel/omtale av mål
Til stades i 100 kommunar med arrangement eller utstillingar
Omtale av venta resultat i høve til målet
Ideen nynorsk er å samle landet gjennom eit skriftspråk som tek i seg mangfaldet. Derfor må me ut i landet for å nå måla våre. Nynorsk kultursentrum har eit tett samarbeid med biblioteksektoren. Det vil me vidareutvikle i 2023. Saman med Bjørnsonfestivalen har me samarbeidsavtale med alle bibliotek i Møre og Romsdal om litterære arrangement. Me har også 5 pilotbibliotek i fylka Innlandet, Agder, Rogaland og Viken, dei arbeider me særleg tett med om utvikling av formidling mot ulike målgrupper. Me har også egne seminar om formidling av nynorsk skriftkultur med desse biblioteka. Me har også tett samarbeid med skuleverket, særleg gjennom turnear i Den kulturelle skulesekken. Det er, saman med bibliotekarbeidet med utstillingar og arrangement, det viktigaste for å nå ut i heile landet.

Mål for søknadsåret

Hovedmål

Andre mål

Tittel/omtale av mål

Betre system for universell utforming for lese-, syns- og språkutfordringer, og eit prøveprosjekt på kvar arena

Omtale av venta resultat i høve til målet

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, har som institusjon som arbeider med språkleg mangfald og toleranse eit særleg ansvar for å sikre tilgang til skriftkulturen for alle.

Primærmålgruppene for utviklinga er:

- Personar med nedsett høyrse
- Personar med nedsett syn
- Teiknspråkbrukarar
- Personar under norskopplæring
- Personar med lesevanskar, konsentrasjonsvanskar osv., inkludert dyslektikarar, demente og andre
- Språklege mindretal

I 2023 skal me ha på plass nytt barnespor av utstillinga ved Haugesenteret, planleggje ny basisutstilling i Aasentunet med opning etter 2025 og evaluere basisutstillinga ved Vinjesenteret. Det er eit godt høve til å gjere eit viktig løft.

Metoden vi skal bruke er å bruke råda frå Bare gjør det!, utvikla av Museene i Sør-Trøndelag saman med tett kontakt med organisasjonar og grupper som Leser søker bok, Døveforbundet, HLF, Blindeforbundet, Dysleksiforbundet og andre i utvikling av tilbodet.

I 2023 skal vi finne ut kva me må gjere for å nå desse målgruppene, og for å vise særleg solidaritet med språklege mindretal (me vel ut brukarar av braille, teiknspråk, nordsamisk)

Prøveprosjekta i 2023 er

- Digital omvising/ tilrettelegging for døde/ teiknspråk ved Vinjesenteret
- barneløype ved Haugesenteret som passar lese-, syns- og høyrselssvake barn og foreldre
- fokusgruppe med norskopplæring for vaksne og kva dei treng for å forstå/ verte engasjert i utstillinga i Aasentunet

Søknad - Mål og nye tiltak

Nye tiltak som føreset auka statleg driftstilskot (oversyn)

Prioritering	Namn på tiltaket	Søkt KUD
1	Nynorsk som nasjonalt skriftspråk	2 000
2	Formidling og forvaltning av litterær kulturarv i Vinje med Midtbø, Vinjestoga og Vinjesenteret	600

Registrering av nye tiltak som føreset auke i statleg driftstilskot

Namn på tiltaket Nynorsk som nasjonalt skriftspråk

Kostnadsoverslag i heile tusen 3 000

Finansieringskjelder	Søknadsbudsjett	2023
Eigenfinansiering		334
Kulturdepartementet		2 000
Norsk kulturråd		0
Fylkeskommune/ fylkeskommunar		0
Kommune/kommunar		0
Andre offentlege		333
Ikkje-offentleg finansiering		333

Grunngiving

NK søker med dette saman med Landssamanslutninga for nynorskkommunar og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Høgskulen i Volda) om eit kompetanse- og tiltaksløft for å sikre nynorsk som samfunnsberande språk.

I meldinga til språklova blir det slått fast at reduksjonen i nynorskelevar i Noreg er eit symptom på at språkpolitiske ambisjonar ikkje er følgde. Svekinga er sterkast i Innlandet, Viken, Telemark, Agder, Rogaland, Nordmøre, Romsdal og rundt Bergen og Ålesund. Me vil finne ut kva me kan gjere for å styrkje nynorsk bruk og identitet desse stadene gjennom kartlegging/ forskning og utprøving av tiltak.

Gjennomføring av tiltak ved omdisponering av disponible ressursar

Det som manglar er kapasitet til prosjektleiing, systematisk kartlegging, kunnskapsdokumentasjon og reelle store løft for å sikre nynorsk for framtida. Det er td. behov for eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om korleis nynorsk er i bruk og korleis det er identitetsfesta dei stadene nynorsk er under særleg press.

Dei tre aktørane set av eigne midlar/ timar (333,3 k kvar) og søker eksterne prosjektmiddel i tillegg til desse midlane.

Kostnadene er fordelt: Prosjektleiing/ koordinering (600), dokumentasjon/ evaluering/ kunnskapsinnhenting (600), utprøving av tiltak i folkebibliotek og kultur (600), utprøving av tiltak i barnehage og skule (600), regionale pilotprosjekt i samarbeid med kommunar og fylkeskommunar (600).

Registrering av nye tiltak som føreset auke i statleg driftstilskot

Namn på tiltaket	Formidling og forvaltning av litterær kulturarv i Vinje med Midtbø, Vinjestoga og Vinjesenteret
Kostnadsoverslag i heile tusen	950

Finansieringskjelder	Søknadsbudsjett	2023
Eigenfinansiering		0
Kulturdepartementet		600
Norsk kulturråd		0
Fylkeskommune/ fylkeskommunar		200
Kommune/kommunar		150
Andre offentlege		0
Ikkje-offentleg finansiering		0

Grunngiving

I 2022 er det 125 år sidan Tarjei Vesaas vart fødd. NK er i forhandlingar med familien Vesaas om framtidig formidling i og forvaltning av bygning og samlingar i kunstnarheimen Midtbø, der Tarjei og Halldis Moren Vesaas budde, dikta og omsette stor litteratur. Familien, NK og Vinje kommune har felles intensjon om å verte samde, men nokre detaljar står att.

Midtbø utgjer saman med Vinjesenteret og Vinjestoga eit unikt sentrum for litterære kulturminne i Noreg.

Staten har gradvis trappa opp tilskotet og det manglar ca. 600 000 kr for å vere på nivå med kommunen.

Gjennomføring av tiltak ved omdisponering av disponible ressursar

Formidling og forvaltning av Midtbø var ikkje planlagt i opphavleg forprosjekt for Vinjesenteret. Kostnad for omvisingar, formidlingstilbod og forvaltning av samlingane treng ekstern finansiering for å ikkje gå utover andre oppgåver i NK, som oppbygging av tilbodet ved Vinjesenteret etter opninga 26.8.21 eller forsing og samling.

KUD auka ikkje støtta frå 2022, slik at første året med full drift (inkludert straum, reinhald mm.) er ikkje fullfinansiert i dag.

Kommunen yter meir enn avtalt, og er opne for å auke bidraget med 150 000 kr årleg ved etablering av formidlinga av diktarheimen Midtbø. Me er i dialog med fylkeskommunen om opptrapping av deira tilskot.

Avslutting

Har institusjonen sendt separat søknad om investeringstilskot frå posten Nasjonale kulturbygg for søknadsåret?

- ☐ Ja
☒ Nei

Eg er kjent med at søknaden er offentlig.



Andre kommentarar til søknaden

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, er glade for dei auka ambisjonane for norsk språkpolitikk som eit breitt fleirtal har synt gjennom etablering av språklova og behandling av tilhøyrande meldingsdel. Ambisjonen om å særleg styrkje nynorsk, som det minste av dei to norske skriftspråka, krev politisk handling og samhandling. Det krev òg auka økonomisk prioritering av nynorsk skriftkultur framover.

Med den nye språklova, som har same omfang som offentleglova, vil dei fleste musea i det offisielle museumsnettverket vere omfemna av språklova. Det er naturleg at dette vert peika på i tilskotsbrev, og at ein rapporterer for korleis ein følgjer føremåla i språklova. Dei auka krava til UH-institusjonane i 2022 kan vere eit føredøme. Fleire museum må no sikre både bokmål og nynorsk, og bør rapportere på språkvekslinga. Bruk av dei andre språka Noreg har ansvar for bør også rapporterast om.